



## Elevrådsrepresentantane

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3198 - 16/3773

Saksbehandlar:

Hilde Marit Reigstad

Hilde.Reigstad@lindas.kommune.no

Dato:

10.02.2016

## Referat frå elevrådsmøte 10.02.2016

Til stades: Lukas 4a, Mina 4b, Jacob 4c, Henrik 4d, Elias 5a, Frida 5b, Alexander 5c, Phillip 6a, Elias 6b, Maria 7a, Thomas 7b, Malin 7c og Julie 7d.

16-2015/16

### Elevundersøkinga

Underteikna gjekk igjennom resultata på elevundersøkinga. Elevane fekk forståing for at dei fleste elevane ved Alversund skule har det bra, men at det er nokon som ikkje har det bra. Fleire var opptatt av at det kanskje er dei som har svart at dei ikkje har det bra som også svarer negativt på trivsel, motivasjon og læring. Det blei vist til at resultata er mykje like frå år til år. Elevrådet vil arbeide vidare med å sjå på kva elevrådet kan bidra med for at alle skal ha det bra. Det er tydeleg at mykje arbeid må skje i den enkelte klasse då negative hendingar som oftast skjer av elevar i klassen. Det er og her elevar kan vere utrygge for å få kommentarar når dei svarer feil. Ut frå undersøkinga har mange klassar utfordringar i forhold til uro.

Elevrådet var einige med at lærarane kan vere enno meir tydelege i samtalar – når den enkelte er med å vurdere eige arbeid, når den enkelte får tilbakemeldingar og framovermeldingar.

17-2015/16

### Årshjul over samarbeid mellom skule og FAU

Elevar i elevrådet saknar sosiale hendingar utanom skuletid. Dette er noko som tydeleg skjer for sjeldan. Fleire seier at dei har nemnt det for læraren, men alle ser at slike sosiale hendingar må vere i foreldreregj. Mange klassar har ofte noko sosialt når nokon sluttar. Dette synest mange er dumt. Eit samla elevråd var einig i at det vil bli bra med eit årshjul. Ein vil ha sosiale hendingar kvar eller anna kvar månad. Mange av aktivitetane var populære.

Elevrådet ser tydeleg samanhengen med kjekke sosiale hendingar og trivsel på skulen generelt. Dersom det blir jobba godt med klasse miljøa og det er kjekke samankomstar utanom skuletid vil ein få betre resultat på komande elevundersøkingar.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Elevrådet var positive til å vere med på foreldremøte.

18-2015/16    Eventuelt

Med helsing

Hilde Marit Reigstad  
inspektør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Elevrådsrepresentantane  
Leif Bjørnar Hopland